

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1970

Navnet på vatnet Homslivatnet  
Kommune ..... Hjelmeland

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet  
og skriving av meldinga er utført av Roga-  
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-  
liner og i nært samarbeid med Konsulenten  
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr  
Øyvind Vasshaug.

## L O M S L I V A T N E T.

Fiskeanalysen vart foreteken den 6. okt. 1970.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, med Tofjellet i sør-vest og Steganibba i nord, og på nordsida av Øvre Tysdalsvatnet.

Det er over alt eit grunt vatn og har neppe nokon stad djupne over 6-8 m utan at dette er målt.

Arealet vil dreia seg om snaut 20 dekar.

Strandlina består for det meste av stor stein der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Botntilhøva er stort sett gjørme over det heile.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Der er ein særsparsam vegetasjon i vatnet. Ein del nøkkesroser og sivplanter vil ein finna og med div. moser på botnen.

Nedslagsfeltet, som må seiast å vera lite, femner om snau-mark, myr og fjell. Her veks spredt bjørkeskog med vier, einer, blåbær - og tyttebærlyng m.v. som undervegetasjon.

Det største tilsiget kjem frå Tofjellet, og utanom dette fell der inn nokre mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i sør-aust og ut i "Raksånå" og vidare til Øvre Tysdalsvatnet.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 3.0 m og fargen på vatnet gulleg-brun som indikerar påverknad av humus.

Surheita pH er målt til 6.2 som reknast å vera bra for aure.

Innhaldet av kalk ( $\text{CaCO}_3$ ) er 2.6 mg/l og den totale hardheita 5.6 mg/l. Vatnet må karakteriserast som kalkfattig.

Leiingsemna  $K_{18} = 19.7 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er liten.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke ein botnprøve på 2.0 m djup og her vart det funne 18 fjærmygglarver, 1 fåbørstemark og 1 vårfuelalarve - tilsvarande 200 individ pr  $\text{m}^2$ .

For å få greie på kva fiskon eigentleg ernærte seg med på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne linsekrepse, døgnfluelarver, fjærmygglarver og pupper, muslingar, voksen vårfhue, tovinge, planterester og div. overflateinnsekter. Ein ganske allsidig meny.


#### Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontalt trekk på ca. 50,0 m med planktonhov og resultatet: Prøven har diverse vorte øyelagt, men etter det vi hugsar var det ein medels rik prøve.

#### Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 gann av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 49 aurar som deler seg slik på omfara.




Ein tok prøver av 20 fiskar og av desse var 1 stk. lys-røde, resten kvite i kjøttet.

12 stk. var hannfiskar og 8 stk. hofiskar.

Medel fyllingsgrad 1.5 - 2 fiskar var tome i magesekken.

Det vart ikkje funne parasittar i nokre av dei fanga fiskane.

På neste side har vi sett opp ei grafisk framsyning av heile fangsten fordelt på cm-klassar.



Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengd i cm	3.9	9.7	15.3	19.4	23.7	27.0
Årleg lengdetilvekst i cm	3.9	5.8	5.6	4.1	4.3	3.3
Antall fiskar	20	20	20	18	9	4

Medel kondisjonsfaktor = 0.89 tilseier mager, langstrakt fisk.


På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Lomslivatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet ( 5 cm pr. år ).

Som vi her vil sjå, ligg veksten under normalkurven like til 6 års alder. Det er grunn til å tru at fisken går mot ei maksimal lengd på ca. snaut 30 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som heller næringsfattig og mykje overbefolka.

Det er nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerande for næringstilgangen og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn. Består dette av dyrka mark, kulturbeiter o.l. vil tilsiga herfrå alltid føre verfulle næringssstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette gir seg utslag i ei rik bløming av alger og anna plankton som er sjølve næringssgrunnlaget i eit vatn.



Nedslagsfeltet til Lomslivatnet er noko mager, men ikkje av det verste, så det er i minste laget med mineral- og næringsstoff som tilsiga vil føre med seg.

Surheita pH er forbausande god til å vera eit såpass høgtliggjande vatn. Tilhøva ligg såleis vel tilrette for fiskeproduksjon men vatnet er lite og vil fylgjeleg ikkje kunne brødfø noko stort fiskebestand.

Ser vi på fisken er denne ikkje særleg tiltalande i dag. Den er særskilt mager og langstrakt og i dårlig kondisjon. Dette kjem av at det fiskebestandet vatnet innhold er mykje for stort i høve til næringsforrådet vatnet byd på. Er der ikkje samsvar mellom desse faktorane gjev det seg utslag på denne måten.

Vekstkurven taler og sitt tydelege språk om overbefolkinga i vatnet.

Gytetilhøva er gode og fører til nye årganger av yngel og småfisk ut i vatnet, og blir ikkje denne årlege tilveksten hausta hopar den seg opp og gjev grunnlag for eit småvakse bestand.

### Praktiske tiltak.

Fiskebestandet i Lomslivatnet må reduserast for å gi den ein skilte fisken betre levevilkår, og beste måten dette kan gjerast på er å montere ei ruse i tilsigsbekken frå Tofjellet. Dette er ein god gytebekk, så ved å få bort gytefisken vil ein samstundes få bort dei årgangane med yngel og småfisk som ville ha kome frå denne, og tilhøva vil endre seg til det betre innan relativt stutt tid.

Sett rusa på ein høveleg stad nokre meter frå vatnet og demm opp bekken på både sider, slik at all fisk som går på bekken for å gyte er nødt for å gå inn i rusa. Tøm denne ca. 1 gong kvar veke.

Ved å drive dette rusefisket om hausten i nokre år framover, vil ein kunne sjå korleis kvaliteten på fisken betrar seg år for år, ettersom der nå blir ferre munnar å mette.

Rekna ut kondisjonsfaktoren etter den formelen som står i innleiinga og når K-faktoren ligg på ca. 1,0 eller høgare er fiskekvaliteten god og rusefisket må reduserast. I dei første 2 år kan ein ha rusa ståande heile hausten.

Tiltak utover dette vil ikke vera naudsynte. Ved å redusere bestandet vil det andre koma av seg sjølv, så om nokre år hoppar nok auren feit og fin i Lomslivatnet.

Stavanger 16. februar 1971

Einar Berg